Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og Mosing.

Oppskr. av: Johan Tapper

(adresse): Vikhamar.

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Malvik

Bygdelag:

Gard: Vollan

G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lynging og Mosing er ükjent her i bygda. Det forgikk lyngling for ein hündra år sidan, men eg har ingen kjennskap til korleis det forgikk. Eg hugsar far og mor nemnte det vart brükt lyng som naüdfor. Har av mange gamle folk höyrt om svelteforing den tid. Millom anna snakka dei om at saüen mista jorta når det leid üt på vinteren. Da tok dei jorte frå eit anna dyr, og gav det til det som haddi mist jorta. Det vart som oftast teke frå ei kü. Dei mista jorta fordi det var for lite og därleg foring. Serleg var vårknipa hård for hüsmenn. Hüsmennene var som regel rüdningsmenn den tid. Det var å ta fatt med ei geit og nokre saüer, sidan ei kü. Mannen gjikk og arbeiddi på garden om sümaren og delvis om vinteren, og var heim når han ikkje hadde arbeid på garden. Arbeidet på plassen med nyrydning og forefallande arbeid var kvelds og nattarbeid. No höyrer hüsmennene til sagaen, dei

2747

kom bort frå 1880 til 1900 eller vel så det.
Det var jamnt svelteforing på gardam
og, for det gjaldt om å få fram flest
mogleg dyr for å nyttiggjera sumarbeite
i tröer, utmark og sæter.
Det var mykje folk på gardam den
tid til å ta eit tak.

2747
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING